

# Forskrift om opptak, eksamen, disciplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolane i Hordaland

## Kapittel 1. Generelle føresegner

### § 1-1 Heimel og verkeområde

Styret ved Fagskolane i Hordaland har med heimel i §§ 4 og 6 i lov om fagskoleutdanning vedtatt forskrift som regulerer tilhøve knytt til opptak, skikkavurdering og politiattest, eksamen og vurdering, disciplinære sanksjonar, annulling, klagerettar og klagebehandling. Forskrifta har kortnamnet *forskrift for Fagskolane i Hordaland*.

### § 1-2 Forholdet til anna lovverk

Er føresegner i denne forskriften i strid med lov og/eller forskrifter gitt av lovgjevar eller NOKUT, gjeld føresegner i lova med forskrifter.

## Kapittel 2. Opptak

### § 2-1 Generelt om opptak

- (1) Opptak av studentar til Fagskolane i Hordaland skjer gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskolen. Dette gjev felles kvalifikasjonskrav og reglar for poengutrekning for søkerar i heile landet. Opptak av studentar skjer berre på grunnlag av poengutrekning og rangering (realkompetanse vert rekna om til poeng). Dette gjev høve til å sjå både tal og poengnivå for søkerar ved opptak til kvar fagskoleutdanning.
- (2) Ordinær søknadsfrist til fagskoleutdanning ved Fagskolane i Hordaland er 15. april, og retningsliner for å søkje er å finne på heimesida. Ved avvikande søknadsfrist vert dette kunngjort på heimesida
- (3) Ved opptak vert søkerar rangert jf. § 2-5 i denne forskriften.

### § 2-2 Opptakskrav

Grunnlag for opptak til studietilbod ved Fagskolane i Hordaland er a) eller b) under jf. Lov om fagskoleutdanning § 1:

- a) Fullført og greidd vidaregåande opplæring med fagbrev/sveinebrev/vitnemål frå relevant yrkesutdanning. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning som gjev grunnlag for opptak, er nedfelt i studieplanane. Søkerar som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen, kan tildelast plass. Studenten misser plassen om han/ho ikkje består eller ikkje fullfører fagprøven. Fagprøven må vere gjennomført innan 31. desember i opptaksåret.
- b) Minst 5 års relevant praksis og realkompetanse i felles allmenne fag som svarar til Vg1 og Vg2 i yrkesfagleg utdanningsprogram. Søker må ha fylt 23 år innan søkeråret. Realkompetansen vert vurdert jf. § 2-6 i denne forskriften.

### § 2-3 Krav til politiattest

- (1) Ved utdanningar der studentar kan kome i kontakt med mindreårige eller andre sårbare grupper som del av praksis eller klinisk undervisning, er det krav om at studenten legg fram politiattest ved opptak eller i løpet av utdanninga, jf. fagskulelova § 12 og politiregisterlova § 39. Politiattesten skal vere slik

som det går fram av barnevernlova § 6-10 andre ledd. Krav om politiattest skal gjerast kjent for studenten ved opptak til studium som er omfatta av desse føreseggnene.

- (2) Det er styret ved klagenemnda som fattar vedtak om at ein student skal misse retten til å delta i praksis eller klinisk undervisning basert på politiattest og innstilling frå rektor ved fagskulen. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 5. om klage og klagehandsaming.

#### § 2-4 Søkjarar med utanlandsk utdanning

- (1) Søkjarar med fullført vidaregåande opplæring frå dei andre nordiske landa er kvalifisert for opptak ved Fagskolane i Hordaland når den vidaregåande opplæringa i dei respektive landa gjev generelt opptaksgrunnlag til tertærutdanning tilsvarende norsk fagskuleutdanning.
- (2) Søkjarar utanfor Norden kan jf. opplæringslova § 3-4a søkje NOKUT om godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring. Alternativt må ein dokumentere opplæring og praksis ved autorisert translatør og ha bestått eller ha likeverdig realkompetanse i dei felles allmenne faga tilsvarende Vg1 og Vg2 i yrkesfaglege studieretningar. Sjå § 2-6 om realkompetanseurdering i denne forskrifta. Søkjarane må i tillegg dokumentere kunnskapar på nivå med B2 i «Test i Norsk – høyere nivå» (Bergenstesten).

#### § 2-5 Poengutrekning og rangering

Omtale	Poeng
Det generelle grunnlaget for opptak (a) eller b) § 2.2)	100 poeng
Relevant praksis/fartstid om bord utover det generelle grunnlaget for opptak, jf. gjeldande studieplan	1 poeng per mnd.
Fagprøve med «greidd mykje godt»	25 poeng
Fagprøve i anna fag utover det generelle opptakskravet inkl. praksistid	50 poeng
Gjennomsnittleg karakterpoeng av karakterane i alle fag på Vg2/VK1 og tverrfagleg eksamen	Multipliserast med 10

Den med høgast poengsum vert rangert først. Ved lik poengsum skal det kjønn som er underrepresentert i det yrket eller den profesjonen opplæringa skal føre fram til, kvoterast.

#### § 2-6 Realkompetanseurdering

- (1) Fagskolane i Hordaland gjennomfører realkompetanseurderinga i tråd med forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning § 3-1 og rettleiar frå Kompetanse Norge. Kompetansen til søkeren vert vurdert opp mot læreplanmål i vidaregåande opplæring innan relevante programområde. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning er nedfelt i studieplanane. Opptak gjort på bakgrunn av realkompetanse vil berre gjelde for den utdanninga det vert realkompetansevurdert til.
- (2) Søkjarar som søker studieplass på bakgrunn av realkompetanse kan vere:
- Søkjarar som har fullført vidaregåande opplæring, men i eit anna utdanningsprogram enn det som er det formelle opptakskravet
  - Søkjarar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring
  - Søkjarar med utanlandsk utdanning

- (3) Søkjarar må dokumentere kompetanse i felles allmenne fag som svarar til nivå 4 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR), ha fylt 23 år i søkeråret og må ha minst 5 års relevant arbeidserfaring i høve til utdanninga.
- (4) Det er rektor som fattar vedtak om opptak på bakgrunn av realkompetanse etter innstilling frå opptakskomiteen jf. § 2-8 i denne forskrifa.

## **§ 2-7 Annulering av vedtak om realkompetansevurdering**

- (1) Den lokale klagenemnda kan annullere vedtak om godkjent realkompetanse til ei fagskuleutdanning ved Fagskolane i Hordaland dersom ein student er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskoleutdanning § 9.
- (2) Høve til annulering vert ikke forelda. Studenten kan klage på vedtak om annulering til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning jf. kap. 5. i denne forskrifa.

## **§ 2-8 Ansvar for opptak**

Rektor ved den einskilde skule er ansvarleg for opptak og skal på vegner av styret sørge for at opptaka til fagskuleutdanningane blir gjennomført korrekt. Rektor nemner opp medlemmer til opptakskomiteen. Komiteen skal gjennomføre det praktiske opptaket og vurdere realkompetanse. Komiteen er sett saman av administrativt og pedagogisk tilsette. Det er rektor som fattar endeleg vedtak om opptak.

## **§ 2-9 Klage på vedtak om opptak**

Opptak til fagskulen er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2b og kan klagast på etter denne lova (§ 28 og § 29). Det er den einskilde fagskule det vert søkt til som fattar vedtak om opptak, og eventuell klage vert handsama av den lokale klagenemnda. Klage skal sendast til den fagskulen som har fatta vedtak. Nærare føresegner om klagehandsaming er gitt i kap. 5 i denne forskrifa.

## **§ 2-10 Innpassing og fritak**

- (1) Jf. § 1 i forskrift om fagskoleutdanning kan studentar som kan dokumentere å ha bestått likeverdig eller tilsvarande emne ved same eller ein annan institusjon, søkje om innpassing av delar av tidlegare utdanning. Læringsutbytteomtalen eller studieplan vert nyttा for å vurdere om studenten har rett på innpassing av eit emne.
- (2) Dersom studenten kan dokumentere å ha bestått anna type utdanning eller har fått realkompetanse for delar av ei fagskuleutdanning, kan studenten søkje om fritak frå eitt eller fleire emne. Fritaket skal byggje på ei fagleg vurdering av om den heilskaplege kompetansen til søkeren samla kan gje grunnlag for fritak for ein del av fagskuleutdanninga. Slik kompetanse kan vere opparbeidd gjennom arbeidsliv, frivillig sektor og anna utdanning. Den kan også vere av anna formell, ikkje-formell eller uformell art.
- (3) For å få skrive ut vitnemål eller anna dokumentasjon for fullført utdanning ved fagskulen, må minst 30 fagskulepoeng som skal inngå i utrekningsgrunnlaget, vere avgjort ved Fagskolane i Hordaland som siste del av utdanninga, jf. § 2 i forskrift om fagskoleutdanning.
- (4) Søknad om innpassing eller fritak må leverast til skulen innan 30. september for emna i haustsemesteret og 1. februar for emna i vårsemesteret. Søknaden må innehalde dokumentasjon av omfang og innhald i emnet/kompetansen som studenten ønskjer å søkje innpassing eller fritak for; nærmere bestemt:
  - a) Vitnemål / karakterutskrift / realkompetansevurdering
  - b) Oversikt over kva deler som inngår i emnet
  - c) Oversikt over læringsutbytteomtalen av emnet eller studieplan

- (5) Om ein student får godkjent søknad om fritak av eit emne, skal dette kome fram på vitnemålet med referanse til bestått emne ved same eller annan institusjon. Vitnemålet er berre gyldig saman med dokumentasjonen som det vert referert til. Ved innpassing av eitt eller fleire emne er det siste utdanningsinstitusjon som skriv ut vitnemål jf. § 2-10 tredje ledd.
- (6) Vedtak om innpassing og fritak av eit emne vert fatta av rektor etter innstilling frå opptakskomiteen ved fagskulen. Vedtak om innpassing eller fritak ved Fagskolane i Hordaland er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2b og kan klagast på etter denne lova (§§ 28 og 29). Klage skal sendast til den fagskulen som har fatta vedtak. Nærare føresegner om klagehandsaming er gitt i kap. 5. i forskrift for opptak, eksamen, disciplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolane i Hordaland.

### **§ 2-11 Annnullering av vedtak om innpassing og fritak**

- (1) Den lokale klagenemnda kan annullere vedtak om innpassing eller fritak av eitt eller fleire emne ved ei fagskuleutdanning ved Fagskolane i Hordaland dersom ein student har fått innpassing eller fritak ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskoleutdanning § 9.
- (2) Høve til annnullering vert ikkje forelda. Studenten kan klage på vedtak om annnullering til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning jf. kap. 5. i denne forskriften.

## **Kapittel 3. Vurdering og eksamen**

### **§ 3-1 Vurdering**

Vurdering vert gjennomført på ein slik måte at skulen på eit mest mogleg sikkert grunnlag kan vurdere i kva grad studenten har nådd læringsutbyttet som er skildra i studieplanen for utdanninga, jf. fagskulelova § 6. Bokstavkarakterskalaen A – F, der A er **beste karakter** og F er **ikkje greidd**, vert nytta i vurderinga.

### **§ 3-2 Grunngjeving for karakterfastsetting**

- (1) Ein student har rett til grunngjeving ved karakterfastsetting ved mappevurdering, prøver, innleveringer og andre arbeidskrav som dannar grunnlag for mappevurdering/emnekarakter og eksamen. Ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske ferdigheter må krav om grunngjeving setjast fram straks etter at karakteren er kunngjort. Dersom karakteren vert kunngjort elektronisk, må krav om grunngjeving framsetjast innan éi veke. Ved anna kunngjering må krav om grunngjeving framsetjast *innan tre veker* frå karakteren vart kunngjort, eller det var rimeleg at kandidaten fekk kjennskap til karakteren.
- (2) Grunngjeving skal normalt vere gitt *innan to veker* etter at studenten har sett fram krav om det. I grunngjevinga skal det gjerast greie for dei generelle prinsippa som ligg til grunn for vurderinga og for vurderinga av studenten sin prestasjon. Dersom det er gitt skriftlege retningslinjer for vurderinga, skal desse vere tilgjengelege for studentane etter at karakteren er fastsett.
- (3) Om studenten har bede om grunngjeving innan fristen, vil studenten kunne setje fram klage *innan tre veker* etter å ha motteke grunngjeving for karakterfastsettinga. Studenten vert oppmoda om å be om grunngjeving før klage vert sett fram, men det er ikkje eit krav. Sjå kap. 5 om klage og klagehandsaming.

### **§ 3-3 Skikkavurdering**

- (1) Ved einskilde utdanninger skal fagskulen vurdere om studenten er skikka for yrket. Krav til skikkavurdering skal gå fram av studieplanen. Ei skikkavurdering vert gjennomført gjennom heile studiet og er ein føresetnad for at studenten skal få vitnemål for fullført utdanning, jf. fagskulelova § 11.

- (2) Det er den lokale klagenemnda som fattar vedtak om at ein student ikkje er skikka for yrket. Studenten har rett til å uttale seg før det vert gjort vedtak. Vert det fatta slikt vedtak, kan studenten verte utestengt frå utdanninga. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 4. om disciplinære sanksjonar og kap. 5. om klage og klagehandsaming.
- (3) Denne paragraf trer ikkje i kraft før Kunnskapsdepartementet har fastsett forskrift om skikkavurdering.

### § 3-4 Karaktereskala

(1)

<b>Symbol</b>	<b>Nemning</b>	<b>Generell, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriterium</b>
<b>A</b>	<b>Framifrå</b>	Framifrå prestasjon som skil seg klårt ut. Studenten har svært gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
<b>B</b>	<b>Mykje god</b>	Mykje god prestasjon. Studenten har mykje gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
<b>C</b>	<b>God</b>	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Studenten har gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
<b>D</b>	<b>Nokså god</b>	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Studenten har nokså gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
<b>E</b>	<b>Tilstrekkeleg</b>	Prestasjonen tilfredsstiller minimumskrava, men heller ikkje meir. Studenten har oppfylt minimumskrava som blir stilt til kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
<b>F</b>	<b>Ikkje bestått</b>	Prestasjon som ikkje tilfredsstiller dei faglege minimumskrava. Studenten har <i>ikkje bestått</i> på grunn av vesentlege manglar når det gjeld kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.

- (2) Ved einskilde emne kan det verte nyttा vurderingsuttrykket «bestått – ikkje bestått». Kva emne dette gjeld kjem fram av studieplanen.

### § 3-5 Eksamensordning

Styret kan gi forskrift om forhold som er spesielle for den einskilde eksamen.

### § 3-6 Tekniske fag

Eksamen vert gjennomført etter følgjande minimumsplan:

- a) *Hovudprosjekt*. Hovudprosjektet vert avslutta med ein tverrfagleg prosjektekamen som inneheld eit individuelt oppsummeringsnotat og ein munnleg eksaminasjon. Det vert gjeve ein samla karakter.
- b) *LØM-eksamen*. Emnet som omfattar dei tre LØM-faga (organisasjon og leiing, økonomistyring og marknadsføringsleiing) vert avslutta med ein tverrfagleg eksamen.
- c) *Andre emne*. Studenten skal ha eksamen i minimum to av dei andre emna.

### § 3-7 Helsefag

Eksamen vert gjennomført etter følgjande plan:

- a) I dei teoretiske emna blir emnekarakter gjeve på bakgrunn av innfridde arbeidskrav, skriftleg eksamen og annan aktivitet, med grunnlag i § 3-1 om vurderingsformer i denne forskrifta.
- b) Avsluttande eksamen er ei skriftleg fordjupingsoppgåve med munnleg eksaminasjon. Det vert gjeve ein samla karakter. For å kunne gå opp til avsluttande eksamen, må studentane ha utført obligatoriske arbeidskrav, gjennomført praksisstudiar med greidd resultat, samt greidd dei føregående emna. Fråvær kan ikkje overstige 10 % i praksisperioden.

### **§ 3-8 Maritime fag**

Det er eksamen i alle emne som er del av studiet kvart skuleår utanom i emna fysikk, matematikk og norsk kommunikasjon, der studenten vert trekt ut til eksamen i eitt av emna kvart skuleår, jf. «Nasjonal Standard for vurdering for ettårige og toårige maritime fagskoleutdanninger».

### **§ 3-9 Grøne fag**

- (1) Det vert halde to tverrfaglege eksamenar:
  - a) Ein tverrfagleg praktisk / munnleg eksamen.
  - b) Ein tverrfagleg skriftleg eksamen.
- (2) Praksisperioden må vere bestått for å kunne framstille seg til eksamen, og fråvær kan ikkje overstige 10 % i praksisperioden.

### **§ 3-10 Gjennomføring av eksamen etter avbrot av studium**

Ein student som har brote ordinær studieprogresjon og kjem attende ved eit seinare høve for å fullføre utdanninga, må inngå skriftleg avtale med fagskulen om kva eksamenar som skal gjennomførast.

### **§ 3-11 Dokumentasjon**

- (1) Studentar som fullfører og består ei utdanning, vil få utdelt vitnemål jf. § 5 i lov om fagskoleutdanning. Vitnemålet skal innehalde:
  - a) Emna som inngår i utdanninga.
  - b) Omfang av emna og oppnådd karakter skal førast på vitnemålet.
  - c) Overordna læringsutbytte.
  - d) Omtale av eventuell praksis.
  - e) Nivå i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) og kvalifikasjonen som vert oppnådd.
  - f) Karaktersystemet som vert nytta.
- (2) På vitnemål for teknisk fagskule skal fagretning, fordjuping og tittel på hovudprosjektet gå fram.
- (3) Ein student som ikkje har fullført heile utdanninga, kan be om ei karakterutskrift som syner fullførte og bestårte emne og eksamenar.

### **§ 3-12 Avsluttande vurdering, eksamen og sensur**

- (1) Styret delegerer til rektor på den einskilde skule å nemne opp sensor ved eksamen, prøve, vurdering av oppgåver eller anna arbeid når resultatet er del av vitnemålet eller vert rekna inn i karakter for utdanninga, jf. fagskulelova § 6.
- (2) Eksamensplanen for fagskulen skal vere tilgjengeleg tre månader før eksamen vert gjennomført. Skulen skal ha rutinar for å gjere studenten kjent med eksamensplanen som seier når og kvar det ligg føre sensur. Jf. fagskulelova § 6, tredje ledd, skal sensur liggje føre innan tre veker dersom ikkje særlege årsaker gjer det naudsynt å bruke meir tid. Styret sjølv kan gjere unntak for enkeltekseenamnar og fastsetje lengre frist om det ikkje er mogleg å skaffe tilstrekkeleg med kvalifiserte sensorar som er naudsynt for å avvikle sensuren på tre veker.

### **§ 3-13 Rett til å gå opp til eksamen**

- (1) Studentar som er tekne inn til eit emne eller eit studium ved fagskulen har rett til å gå opp til dei eksamenar og prøver som høyrer til studiet eller emnet. Det er ikkje høve til å gå opp som privatist ved fagskulane. I kvart emne er det fastsett særskilde arbeidskrav som prøver, innleveringar eller krav om obligatorisk frammøte og/eller praksis som må vere fullført før eksamen kan gjennomførast. Nærare opplysningar om dette vert gitt i studieplanen. Studentar som ikkje oppfyller eller består arbeidskrava som er fastsett i studieplanen, har ikkje rett til å gå opp til eksamen i det aktuelle emne.
- (2) Studentar som følgjer normalt skuleår, vert automatisk meldt opp til eksamen. Frist for å melde seg av eksamen er *tre veker før eksamensdato*. Dette gjeld også studentar som har meldt seg opp til ny eller utsett eksamen.
- (3) Ein student har rett til å ta eksamen ved fagskulen i same emne tre gonger. Ein student er å rekne som møtt til eksamen om han eller ho:
  - a) trekkjer seg etter frist for å melde seg av
  - b) ikkje møter på eksamen
  - c) ikkje leverer svar
  - d) møter på eksamen og trekkjer seg under eksamen
- (4) Fagskulen ved rektor kan gje dispensasjon for eit fjerde forsøk i spesielle tilfelle etter søknad frå studenten. Når ein student har teke eksamen på nytt, gjeld den beste karakteren. Gyldig fråværsårsak er sjukdom eller sterke velferdsgrunnar, og desse skal dokumenterast. Dokumentasjonen skal leverast/vere poststempla så raskt som mogleg og seinast innan *tre vekedagar* etter eksamen.
- (5) Det er mogleg å ta eventuell praksisperiode ein gong til om ein ikkje har greidd denne, med mindre anna er bestemt i studieplanen. Vedtak om ikkje bestått praksisperiode er eit enkeltvedtak, og studenten har klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.
- (6) Når ein student ikkje fullfører studiet/emnet innan normert studietid og det i mellomtida er gjort vesentlege endringar i fag- eller studieplan, gjeld retten til å fullføre etter den opphavlege fag- eller studieplan i eitt år etter at endringa vart gjort gjeldande.

### **§ 3-14 Studieprogresjon ved dei maritime fagskuleutdanningane**

Ved dei maritime fagskuleutdanningane må studenten ha bestått alle emna det første året for å ha rett til å gå vidare til emna på andre året. Studenten vil ikkje tape retten til å gå vidare til andre året før fristen for kontinuasjonseksemten har gått ut. Om studenten består kontinuasjonseksemten, vert ikkje retten til å gå vidare tapt. Ved tap av rettar har studenten klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.

### **§ 3-15 Studieprogresjon ved dei tekniske fagskuleutdanningane**

- (1) Ved dei tekniske fagskuleutdanningane kan studenten berre ha stroke i eitt emne for å kunne gå vidare med utdanninga.
- (2) Det er ikkje mogleg å utsetje eit emne fullt ut til året etter med mindre det ligg føre særskilde tilhøve. Det vil seie at dersom studenten ikkje har levert nokon av arbeidskrava i eit emne, vil studenten tape retten til å fullføre utdanninga. Rektor kan gje dispensasjon til å utsetje, eller ta opp att eit emne, ved særskilde høve etter søknad. Ved tap av rettar har studenten klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.

### **§ 3-16 Studieprogresjon ved dei helsefaglege fagskuleutdanningane**

Dei helsefaglege utdanningane er emnestrukturerte, og dei ulike emna byggjer på kvarandre. Ein student må ha bestått eit emne for å kunne fortsette i studiet på det neste. Alle emna og praksis skal vere bestått før

studenten kan ta avsluttande eksamen. Rektor kan gje dispensasjon til å utsetje, eller ta opp att eit emne, ved særskilde høve etter søknad. Ved tap av rettar har studenten klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.

### **§ 3-17 Krav om frammøte**

Det er krav om 80 % frammøte til undervisninga ved Fagskolane i Hordaland. Studentar som ikkje fyller dette kravet, kan miste retten til å fortsette studiet. Ved tap av rettar har studenten klagerett; sjå kap. 5. om klage og klagehandsaming.

### **§ 3-18 Permisjon og tilrettelegging**

- (1) Ein student kan søkje om og få permisjon dersom tungtvegande grunnar gjer det naudsynt, til dømes ved sjukdom eller innkalling til førstegongsteneste. Permisjon blir som hovudregel gitt for ein periode på inntil eitt år. I ekstraordinære tilfelle kan permisjon bli gitt i ytterlegare eitt år.
- (2) Studentar som av medisinske eller andre grunnar har behov for spesiell tilrettelegging ved den praktiske gjennomføringa av eksamen, må sende søknad om dette til rektor ved den einskilde skule *seinast tre veker før eksamen*. Om det oppstår akutt behov for tilrettelegging, kan det gjerast unntak frå søknadsfristen. Søknaden må innehalde dokumentasjon frå sakkunnig instans (til dømes lege, logoped, psykolog) med omtale av behovet for særleg tilrettelegging.
- (3) Særordningar kan vere spesiell fysisk tilrettelegging, bruk av særskilde hjelpemiddel og/eller utvida tid til eksamen, eller i spesielle tilfelle alternativ eksamensform. Døme på særordningar er: Eige eksamenslokale, bruk av PC, skrivehjelp, munnleg eksamen i staden for skriftleg, høgtlesing av oppgåva, høgtlesing av svara for korrektur, ekstra pausar med høve til å kvile, ammepausar og liknande.
- (4) Ved skriftleg eksamen med tilsyn kan det verte gjeve utvida tid med inntil 25 % av normal eksamenstid; maksimalt éin time.
- (5) Særordningar skal likevel vere slik at prestasjonen vert vurdert etter vanlege faglege kriterium.
- (6) Eventuelt avslag på søknad om tilrettelagt eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten har klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.

### **§ 3-19 Fusk og forsøk på fusk**

- (1) Det vert vurdert som fusk om ein student nyttar ulovlege hjelpemiddel under eksamen eller prøve eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglement eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskulen. Om det under eksamenar eller prøver med tilsyn oppstår situasjoner som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholda vil bli rapportert til administrasjonen ved fagskulen for vidare handsaming. Eksamensreglement og reglar for kjeldebruk finn ein på heimesida til fagskulen.
- (2) Studenten skal ha høve til å velje om han/ho ønskjer å avbryte eller fortsette eksamen. Det same gjeld for studentar som har hjelpt andre til fusk. Studentar som har fuska eller forsøkt å fuske, vil få eksamen eller prøve annullert. Det er den lokale klagenemnda som fattar vedtak om annulling (jf. § 3-20) på grunn av fusk eller forsøk på fusk, og eventuelle disciplinære sanksjonar (§ 4-1 tredje ledd).

### **§ 3-20 Annulling av eksamen**

- (1) Den lokale klagenemnda kan annullere eksamen/emnekarakter om studenten har fuska eller er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel, jf. lov om

fagskoleutdanning § 9. Høve til annulling vert ikkje forelda. Sjå § 4-1 tredje ledd i høve til disciplinære sanksjonar i samband med annulling på dette grunnlag.

- (2) Etter avgjersle om annulling skal eventuelt vitnemål eller karakterutskrift leverast tilbake til fagskulen. Om vitnemål eller karakterutskrift ikkje vert levert tilbake til skulen i rett tid, kan skulen krevje hjelp frå namsmannen i samsvar med reglane i tvangfullbyrdingslova kap.13. Dannar vitnemålet grunnlag for autorisasjon for yrkesutøving skal fagskulen gje melding om annulling til vedkommande mynde.
- (3) Annulling av eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 5. for korleis ein går fram ved klage og kva rettar studenten har ved disciplinære sanksjonar.

## Kapittel 4. Disiplinære sanksjonar

### § 4-1 Utestenging og bortvising

- (1) Ein student som trass skriftleg varsel frå fagskulen gjentekne gonger opptrer på ein måte som verkar grovt forstyrrende for medstudentar sitt arbeid eller for verksemda ved fagskulen elles, kan etter vedtak av den lokale klagenemnda verte bortvist frå fagskulen i inntil eitt år. Med bortvising meiner ein at studenten ikkje får delta i undervisning eller opphalde seg på skulen sitt område i bortvisningsperioden. Dersom ein student på trass av skriftleg varsel frå fagskulen ikkje etterkjem eit vedtak om bortvising, kan den lokale klagenemnda vedta å stenge ute studenten frå utdanninga i inntil eitt år. Med utesenging meiner ein her å miste retten til å fullføre studiet.
- (2) Den lokale klagenemnda, kan vedta at ein student som har skapt fare for liv eller helse - eller har oppført seg grovt usømmeleg - overfor nokon studentane har møtt i samband med undervisning eller praksisopplæring, vert utesengt frå fagskoleutdanning med klinisk undervisning og praksisstudium, og fråtken retten til å gå opp til eksamen i slik utdanning ved fagskulen i inntil tre år. Det same gjeld dersom ein student har brote lovfesta teieplikt.
- (3) Den lokale klagenemnda kan vedta at ein student som har nytta falskt vitnemål, andre falske dokument eller anna form for uheiderleg åtferd, eller som har fuska eller forsøkt å fuske, vert utesengt frå all utdanning ved fagskule og vert fråtatt retten til eksamen ved fagskulen i inntil eitt år. Tilsvarande gjeld for ein student som forsetteleg har medverka til fusk.
- (4) Eit vedtak om bortvising eller utesenging av ein student kan berre fattast med minst to tredels fleirtal i den lokale klagenemnda. Studenten skal ha høve til å forklara seg før kvart vedtakspunkt. Vedtaket er eit enkeltvedtak, og studentane kan klage til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.

## Kapittel 5. Klage og klagehandsaming

### § 5-1 Klageinstans

- (1) Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Les om grunngjeving for karakter under § 3-2, klage på mappeevaluering/emnevurdering under § 5-3 og eksamen under § 5-4.
- (2) Ved klage på bortvising, utesenging, annulling av eksamen, utesenging etter skikkavurdering eller politiattest er det Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning som er klageinstans. Ved alle andre klager er det den lokale klagenemnda som er ansvarleg for klagehandsaming. Klagenemnda består av minimum fem medlemmar etter følgjande kvalifikasjonar; leiar og vara for leiar fyller dei lovfesta krava til lagdommarar og er ikkje tilsett ved fagskulen, to medlemmar frå Fagskolane i Hordaland og to

studentar. Alle medlemmane har personleg vara, og mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til forvaltningslova. Den lokale klagenemnda er vedtaksfør når leiar eller vara for leiar og to andre medlemmer er til stades. Vedtak fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak kan ikkje påklagast.

- (3) Klager som vert handsama av den lokale klagenemnda, er som følgjer:
- a) formelle feil ved eksamen (t.d. feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur)
  - b) eksamen under særskilde vilkår
  - c) opptak
  - d) fritak eller innpassing av emne
  - e) tap av rettar

## § 5-2 Framgangsmåte og fristar

- (1) Alle klager skal sendast til den einskilde fagskule ved rektor. Rektor skal – som den som har fatta vedtak i første instans – vurdere om det er grunn til å oppheve vedtaket. Dersom rektor ikkje finn grunn til å oppheve vedtaket sender rektor klag til handsaming for ny sensur eller til handsaming i den lokale klagenemnda.
- (2) Studenten må sende klag *seinast tre veker* etter at vedtaket er gjort kjent, eller han eller ho har hatt rimeleg høve til å gjere seg kjent med vedtaket. Studenten skal få svar på klag *seinast innan ein månad*. Dersom klagehandsaminga tek lengre tid, skal klagar underrettast om dette skriftleg. Klag skal vere skriftleg og sendast til fagskulen sitt post-mottak (e-post eller brev).
- (3) Klage over formelle feil ved eksamen må varslast *innan tre veker* etter at studenten er eller burde vore kjent med det forhold som gir grunnlag for klage.
- (4) Finn den lokale klagenemnda at det er gjort formelle feil, og det er rimeleg å tru at dette kan ha vore viktig for prestasjon eller vurdering for ein eller fleire studentar, skal det gjennomførast ny sensur, eller haldast ny eksamen så snart som mogleg.
- (5) Den skriftlege klag skal innehalde:
- a) kven som klagar (namn og adresse)
  - b) vedtak det vert klag over
  - c) kva klag gjeld og grunngjeving for denne
  - d) dato og underskrift(er)

## § 5-3 Klage på mappevurdering/emnekarakter

- (1) Studenten har rett til å klage på karakterfastsetting ved alle prøver og innleveringer som har konsekvens for avsluttande vurdering i eit emne. Ved klage på karakter ved prøver eller innleveringer må studenten setje fram klage innan tre veker frå karakteren var gjort kjent, eller tre veker etter at studenten har fått grunngjeving. Ved klage på endeleg karakter ved mappevurdering/emnekarakter er det berre mogleg å klage på sluttvurderinga og ikkje på enkeltståande prøver og innleveringer tilbake i tid.
- (2) Om studenten set fram klage på karakter ved prøve, innlevering og andre arbeidskrav som har konsekvens for avsluttande vurdering, skal det verte gjort ei ny fagleg vurdering av ein annan part. Studenten vert oppmoda til å be om grunngjeving før det vert sett fram klage.
- (3) Ved klage på avsluttande vurdering i høve til mappevurdering/emnekarakter kan studenten berre klage på summen av karakterfastsettinga; det vil seie den totale vurderinga av dei karakterane som er del av mappevurderinga/emnekarakteren. Studenten har rett på grunngjeving for karakterfastsetting. Ved

klage på mappevurdering/emnekarakter skal det gjerast ny vurdering av ein annan fagskule. Karakterfastsetting ved klagehandsaming etter denne paragraf kan ikkje påklagast.

- (4) Ved klage over karakterfastsettinga på gruppeeksamen (der ein får gruppekarakter) må alle gruppemedlemmene samla samtykke i og skrive under på klaga.
- (5) Ved ny sensur skal nye sensorar ikkje få oppgitt karakteren det vert klaga på.

#### **§ 5-4 Klage på eksamen**

- (1) Ved klage over karakterfastsetting ved ein eksamen skal to nye sensorar nyttast. Ny sensur skal ligge føre innan same fristar som gjeld for ordinær eksamen. Endring kan gjerast både til gunst og ugunst for klagar. Karakterfastsetting ved ny sensur etter denne paragraf kan ikkje klagast på.
- (2) Om den endelege karakteren blir fastsett på grunnlag av ei munnleg prøve/justering i samanheng med ein skriftleg deleksamen, og klagar får medhald i klage på sensuren av den skriftlege delen av eksamen, skal det haldast ny munnleg eksamen før ny endeleg karakter kan setjast.
- (3) Vurdering av munnleg prestasjon eller anna vurdering som på grunn av type prøve ikkje let seg etterprøve, kan ikkje klagast på med mindre det gjeld formelle feil ved eksamen.
- (4) Ved ny sensur skal nye sensorar ikkje få oppgitt karakteren det vert klaga på.

## **Kapittel 6. Avsluttande føresegner**

#### **§ 6-1 Ikraftsetjing og oppheving**

- a) Denne forskrifa trer i kraft 05.05.2017.
- b) Samtidig vert reglement for Fagskolane i Hordaland gjeldande frå 15.09.2016 oppheva.